


Surnadal kommune innkjøpsstrategi

Vedteke av
Kommunestyret
28.04.2021



April 2021

Introduksjon

Surnadal kommune kjøpte varer og tenester for kr 132 013 388 i 2020. Dette utgjør 22 % av dei årlege driftskostnadane våre.

Kommunen er med på felles rammeavtalar gjennom det interkommunale innkjøpssamarbeidet på Nordmøre.

Avtalane som vert inngått, er viktige både for kommunen, innbyggerane i kommunen og leverandørane.

Med dette følgjer eit ansvar om å opptre som ein profesjonell innkjøpar og sørge for å få mest mogleg att for midlane.

Innkjøp er eit strategisk viktig område for kommunen og skal vere med på å sikre at vi når måla våre. I nokre tilfelle er det ein direkte samanheng mellom kvaliteten på dei innkjøpa vi gjer, og kvaliteten på dei tenestene vi leverer.

Innkjøpsstrategien skal støtte opp om hovudstrategien til kommunen og skildre ei overordna tenking og åtferd for innkjøp.

Strategien skal gi eit felles grunnlag for gjennomføring av innkjøpskonkurransar og sikre effektiv ressursbruk. Vi skal gjennomføre innkjøpa i tråd med lov og forskrift og sikre krava til konkurranse, likebehandling og openheit.

Strategien gjeld for alt innkjøpsarbeid som vert gjennomført i kommunen, på tvers av einingar og for alle fasar i ein anskaffingsprosess; frå planlegging av kjøpet til avslutninga av kontrakten.

Innkjøpsstrategien vedkjem alle delar av organisasjonen, og alle tilsette har eit felles ansvar for å bidra til at vi lykkast med å nå måla.

Økonomisk oversikt - drift	Noter	Rekneskap 2020
Driftsinntekter		
Rammetilskudd		225 706 958
Innteks- og formuesskatt		132 746 615
Eiendomsskatt		30 966 533
Andre skatteinntekter		12 914 190
Andre overføringer og tilskudd fra staten		20 217 856
Overføringer og tilskudd fra andre		120 870 672
Brukerbetalingar		20 364 046
Salgs- og leieinntekter		40 804 159
Sum driftsinntekter		604 591 029
Driftsutgifter		
Lønnsutgifter		350 772 481
Sosiale utgifter		57 727 929
Kjøp av varer og tenester		132 013 388
Overføringer og tilskudd til andre		35 138 120
Fordeelte utgifter		
Avskrivningar	4	23 387 982
Sum driftsutgifter		599 039 900



Hovudmål

Som offentlig tenesteytar har kommunen eit særskilt ansvar for å bidra til open konkurranse og forhindre konkurransevriding, korrupsjon og uetisk vare – og tenesteproduksjon.

Vidare har kommunen ein viktig rolle som pådrivar for bærekraft, samfunnsutvikling og innovasjon.

Kommunen skal følgje lova om offentlege anskaffelsar med følgjande formål:

«Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.»

Med årlege kjøp av varer og tenester for godt over 100 mill. kr er kommunen ein stor aktør i fleire marknader. Den enkelte tilsette har eit særskilt ansvar for at bruken av kommunens midlar er i tråd med planar, budsjett og etiske standardar som er vedteke i kommunen.

Innkjøpa i Surnadal kommune skal vere:

- profesjonelt gjennomført
- i tråd med gjeldande regelverk
- gjennomført ved opne og transparente prosesser
- innkjøp som bidreg til gode tenester
- innkjøp som støttar opp under kommunens planer og strategiar

Kommunen har fire delmål for å nå dei overordna måla.
Det er sett opp tiltak for kvart delmål.

1. Økonomisk effektivitet


2. Vere ein bærekraftkommune

3. Bidra til å utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse.

1. Økonomisk effektivitet.

2. Vere ein bærekraftkommune



3. Bidra til å utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

1. Økonomisk effektivitet

Kommunen skal til ei kvar tid søkje å utnytte sine ressursar slik at tenesteproduksjonen er best mogleg tilpassa innbyggjaranes behov. Om lag 20 % av kommunens inntekter blir bruka på kjøp av varer og tenester. Målet om økonomisk effektivitet gjeld ikkje berre for dei konkrete innkjøpa, men og for korleis ein organiserer innkjøpsarbeidet og dei rutinane og arbeidsprosessane som inngår i innkjøpsarbeidet.

ØNSKA EFFEKT

Best mogleg pris på våre innkjøp.

God budsjettkontroll og økonomistyring.

100 % avtalelojalitet til innkjøpsavtalene vi har inngått

Effektive arbeidsprosessar

Unngå unødige kostnader som til dømes for høg pris og purregebyr

TILTAK

- 1.1 Alle innkjøp skal gjennomførast i tråd med kapittel 13 i økonomireglementet, vedteke av kommunestyre 04.02.21 ([Økonomireglement](#))
- 1.2 Alt som kan kjøpast gjennom ehandel skal bestillast via ehandel.
- 1.3 Vi skal stille krav til leverandørar når vi inngår avtaler om elektronisk faktura og 30 dagars betalingsfrist.
- 1.4 Alle fakturaer skal behandlast slik at dei blir betalt innan forfall

1. Økonomisk effektivitet

2. Vere ein bærekraftkommune

3. Bidra til å utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

2. Vere ein bærekraftkommune

Surnadal kommune vart ein bærekraftskommune i 2020. Det betyr mellom anna at kommunen skal ha FN sine bærekraftsmål som viktige hovudtema i kommunal planlegging på overordna nivå, med dei tre dimensjonane klima og miljø, sosiale forhold og økonomi som viktige måleparameter.

I vedtaket står det vidare et det skal settast fokus på godt lokalt bærekraftsarbeid i Surnadal kommune, for å bli meir bevisst på bærekraft både i politisk arbeid og kommunen si forvaltning og drift, både internt og i kontakt med innbyggerane, og at kommunen skal bruke bærekraftsmåla aktivt i innkjøp- og anskaffelsesordningane.

Til saman er det 17 bærekraftsmål fordelt på områda miljø, sosial utjamning, kvalitet i utdanning, fred, bekjempelse av korrupsjon, arbeid til fleire og god helse. Måla gjeld altså ikkje berre om naturen sitt økosystem, men også menneskeleg bærekraft

ØNSKA EFFEKT

Å være ein pådrivar for bærekraft og sirkulærøkonomi gjennom krava som stillast til leverandørane. Samfunnsansvarlege anskaffingar skal bidra til å sikre godt omdømme og tillit til offentleg anskaffingsverksemd. Anskaffingane skal redusere miljøbelastninga.

TILTAK

- 2.1 Vurdere bærekraftsmåla aktivt inn i arbeidet med kravspesifikasjonar
- 2.2 Stille konkrete krav til miljøsertifisering og andre klimakrav tilpassa den enkelte kontrakt / bransje:
- 2.3 Der miljø blir nytta som tildelingskriterium, skal det som hovudregel vektast minimum 30 %.
- 2.4 Nytte reserverte kontraktar når det er mogleg (særskilte vilkår)
- 2.5 Etablere rutinar for å redusere skadeleg miljøpåverknad knytt til anskaffelsar og fremme klimavennlege løysingar (lovpålagt).
- 2.6 Etablere rutinar for å ivareta respekt for grunnleggande menneskerettar (lovpålagt).
- 2.7 Etablere rutinar og årleg vurdere tiltak som førebygger misleg framferd og korrupsjon knytt til anskaffingar
- 2.8 Årleg vurdere risiko for brot på grunnleggande menneskerettar
- 2.9 Årleg vurdere risiko for miljøbelastning ved komande anskaffingar.
- 2.10 Årleg vurdere anskaffingsarbeidet opp mot kommunens etiske retningslinjer.

1. Økonomisk effektivitet

2. Vere ein bærekraftkommune

3. Utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

3. Utvikle det lokale og regionale næringslivet

Det er i viktig kommunal oppgave å bidra til eitt aktivt og mangfaldig næringsliv i eigen kommune og region. Kommunen kan være ein pådrivar for eit innovativt og utviklingsorientert næringsliv gjennom å ha god dialog om framtidige krav og behov innan drift, innkjøp og investeringar.

1. Økonomisk effektivitet

2. Vere ein bærekraftkommune

3. Bidra til å utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

ØNSKA EFFEKT

Kommunen skal – innafor regelverket – leggje til rette for at lokale og regionale aktørar deltek i – og har sjanse til å vinne konkurransar.

TILTAK

- 3.1 Splitte innkjøp i fleire og mindre konkurransar der det er mogleg
- 3.2 Ha god dialog med lokalt næringsliv med omsyn til framtidig behov for varer og tenester
- 3.3 Leggje til rette for lokal deltaking i anbudskonkurransar, gjennom å offentliggjere utlysningar og konkurransar på ein slik måte at det blir kjent for lokalt og regionalt næringsliv.

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

Innkjøp er eit stor og komplisert fagområde. Sjølv om kommunen er med i det interkommunale innkjøpssamarbeidet er det behov for å ha innkjøpskompetanse internt.

1. Økonomisk effektivitet

2. Vere ein bærekraftkommune

3. Utvikle det lokale og regionale næringslivet

4. Utvikle kommunens innkjøpskompetanse

ØNSKA EFFEKT

Alle som har noko med innkjøp å gjere skal være kjent med denne strategien, rutiner og reglar for innkjøp i kommunen.

Vi skal ha god oversikt over rollar, ansvar og mynde for innkjøp

TILTAK

- 4.1 Gjere informasjon om alle inngåtte avtaler, rutiner og reglement lett tilgjengeleg på intranettet.
- 4.2 Tydeleggjere ansvar for innkjøp og ha færrast mogleg innkjøparar.
- 4.3 Følgje opp at rutiner for attestering og kontering.
- 4.4 Gjennomføre innkjøpsforum for alle som arbeider med innkjøp i kommunen x gonger årleg
- 4.5 Bruke fagmiljøet i innkjøpssamarbeidet til rådgivning og opplæring
- 4.6 Etablere innkjøpsgruppe som er intern ressursgruppe for innkjøparar i kommunen. (3-5 personer)

Implementering

Måling og rapportering

Innkjøpsstrategien er vedtatt av kommunestyret og vert gjort kjent for alle medarbeidarar.

Kommunedirektøren har det overordna ansvaret for gjennomføring av strategien.

Økonomiavdelinga har ansvar for å koordinere arbeidet og rapportere på framdrift. Alle tilsette har eit ansvar for å bidra til at ein når måla i strategien.

Kommunedirektøren følger opp strategien gjennom dei ordinære årshjulprosessane og implementerer tiltak i budsjett og økonomiplan. Rapportering på dei viktigaste tiltaka vil inngå i årsmeldinga for kommunen.

Det vert lagt til grunn at dei tilsette i kommunen følger føringane i strategien og gjennomfører tiltaka i strategien innanfor vedteke budsjett i strategiperioden.

Tilgjengeleggjering av strategi

Strategien vil bli publisert på kommunen sine nettsider og på Doffin under verksemdsprofilen.

Strategien blir kommunisert til innkjøpssamarbeidet (Nordmøre interkommunale innkjøpssamarbeid)

Strategien blir gjort kjent for leverandører ved utlysing av konkurransar.

Kritiske suksessfaktorar

For å lukkast med implementering av strategien er det behov for at:

- innkjøpsstrategien er forankra frå topp til botn i kommunen.
- alle innkjøp vert gjennomførte i samsvar med gjeldande regelverk og interne rutinar, og at kontraktar vert etterlevde.
- det vert frigjort ressursar i økonomifunksjonen til gjennomføring av utviklingsoppgåver og implementering av tiltak.

Dette gjer ein gjennom å:

- Samarbeide godt med fagpersonane i innkjøpssamarbeidet.
- Utnytte kompetanse hos ressurspersonar i andre avdelingar og einingar som alt gjennomfører anskaffingsrelaterte oppgåver.
- Forenkle og effektivisere saksbehandling.
- Kommunisere informasjon om strategien ut til heile kommunen
- Jamleg rapportering på måloppnåing

Kjente Risikoar

- At vi ikkje får frigjeve nok tid og ressursar til å iverksetting av strategien
- At opplæring og informasjon ikkje når ut til alle som treng den
- At marknaden ikkje er moden nok for våre krav på enkelte område
- At det ikkje er reell konkurranse på enkelte område